

TIL ELEVAR VED VIDAREGÅANDE SKOLAR I
HORDALAND:

SKOLESKYSS

SAMORDNING MED UNGDOMSKYSS

Elevar som bur i eit område med tilfredsstillande kollektivtilbod på fritida **må kjøpe** UngdomSkyss. Prisen på ungdomskort er kr 300,- pr. mnd. og gjeld på ekspressbussar, snøggått- og ferjeruter, buss og lokaltog. Samordninga gjeld for alle elevar under 20 år. Etter fylte 20 år får du ikkje lenger kjøpe UngdomSkyss, då gjeld vanlege reglar om skoleskyss.

Bur du utanfor desse områda, gjeld dei ordinære reglane om skoleskyss. Ta kontakt med skolen dersom du er usikker på om du bur i ungdomskortsonen.

SALG

For kjøp av UngdomSkyss, sjå www.skyss.no for nærare informasjon.

Elevar under 16 år må vise inntaksbevis ved kjøp av ungdomskort.

KAN DU HA RETT PÅ SKOLEREISEKORT?

Ja, dersom du fell utanfor samordninga med ungdomskort og fyller eitt av desse krava:

1. Har minst 6 km avstand mellom bustad og skole målt etter kortaste gangbare veg.
2. Er funksjonshemma eller har sjukdom som gjer at du treng skyss.
3. Må reise med båt.

NÅR GJELD SKOLEREISEKORTET?

Skolereisekortet gjeld for eitt skoleår/ skolehalvår og omfattar:

- Reiser mellom bustad og skole
- 2 – to - reiser pr. dag med eventuell overgang
- alle skoledagar frå kl 05.00 til kl 23.00

Kortet er sperra for reiser i helgar/fridagar.

TAPTE OG ØYDELAGDE SKYSS SKOLEKORT

Ta godt vare på kortet du har fått! Elevar som mistar eller øydelegger kortet risikerar å måtte betale administrasjonskostnad for å få utlevert eit nytt.

Tap av kortet må meldast til skolen. Inntil du får nytt kort må du sjølv dekke reiseutgiftene. Tapte rabattkort og verdikort blir ikkje erstatta. Kort som ikkje lenger er i bruk skal leverast inn på skolen der du har fått det utlevert.

MISBRUK AV KORT

Misbrukte kort blir dregne inn. På lik linje med andre passasjerar kan du bli kravd for tilleggskostnad ved misbruk av kort.

Vær merksam på at sjåfør/kontrollør kan forlange legitimasjon i tillegg til skolereisekortet.

SKYSS MED BIL/MOPED

Dersom det ikkje finst offentleg skyssstilbod må du kontakte skolen. Det må søkjast og få godkjend søknad om privatskyss for å få godtgjersle for slik skyss. Søknadsfristen er 1 mnd. frå skolestart. Dersom søknaden kjem inn etter denne fristen, gjeld godtgjersla frå den dato fylkeskommunen mottek søknaden.

DROSJE/SPECIALBIL

Dersom du treng tilrettelagt skyss grunna funksjonshemming, sjukdom eller skade må du levere erklæring frå lege/behandlande psykolog til skolen. Søknaden blir ikkje vurdert før slik erklæring er levert. I erklæringa må det gå fram kva slags skyssbehov du har (buss/drosje), samt tidsrom for skyssen. Dersom føresette eller du sjølv kan køyre er det reglar for skyssgodtgjersle.

PRAKSISUTPLASSERING

Dersom du har praksisutplassering som ein del av den obligatoriske undervisninga gjeld dei same reglane for skyss som mellom bustad og skole. Praksisstaden skal primært vere i Hordaland.

Elevar med UngdomSkyss – eller som bur innanfor eit ungdomskortområde – må nytte dette til/frå praksis. Utlegg til kjøp av UngdomSkyss blir ikkje refundert.

Må du bruke privat skyssmiddel, må du søkje samferdselsavdelinga om godkjenning innan 2 veker før praksisperioden tar til. Søknad sendast via:

HYBEL - SKYSS VED HEIMREISER

Den fylkeskommunale skoleskyssordninga dekkjer berre den daglege skyssen mellom bustad og skole. Heimreiser kjem ikkje under skoleskyssordninga.

INFORMASJON OG SØKNAD

Søknader om skoleskyss skal meldast inn elektronisk. Meir informasjon om dette og reglar om skoleskyss finn ein på:

www.hordaland.no/skoleskyss